



Dei vaksne lyttar til oss og respekterer oss.


Vi kjenner rettane våre. Dei vaksne forklarar dei for oss.




Vi har avtala at dei vaksne skal lytte til meiningane våre.



Vi har nok informasjon til at vi kan delta når noko som gjeld oss, skal avgjerast.



Vi planlegg saman med dei vaksne korleis vi kan medverke.



Vi har nettverk med andre barn og unge.



Det finst mange ulike måtar for å påverke og endre ting.

Barn og vaksne passar på at alle barn og unge kan medverke, spesielt dei som ofte er utestengde.





Ulike grupper
vaksne, til dømes
lærarar, foreldre,
politi og
politikarar, tek på
alvor det vi seier.



Det finst pengar
til arbeid med
medverknad og
deltaking.



Det vi oppnår, blir
dokumentert og
vist til andre, til
dømes på film.


Vi feirar når vi har
oppnådd noko!




AVTALE



Vi ser jamleg på avtalane vi har gjort, og ser om vi bør endre noko.



Det er pengar i organisasjonen vår som berre vi barn og unge kan bestemme over.



Vi kan vere med på å avgjere kven som skal jobbe hos oss i framtida.

Leiarar i organisasjonen vår er opptekne av at barn kan få medverke.



Det finst kurs for barn og unge om medverknad, påverknad og deltaking.



Det finst kurs for tilsette og frivillige om medverknad frå barn.

Vi deler kunnskapen vår om medverknad med andre barn og unge.



Vi deltek på kurs for tilsette og frivillige.

